

Fylgjeskriv til søknad om kulturmidlar.

Vedlagte dokument:

- Dette fylgjeskrivet
- Årsmelding Masfjorden sokn 2022
- Årsrekneskap Masfjorden sokn 2022
- Framlegg til mandat for kulturutval
- Møteprotokoll for møte i Masfjorden sokneråd, dagsett 23. mars 2022.

Hosteland, den 17. mars 2023

Masfjorden sokneråd ynskjer at kyrkjene våre i større grad enn tidlegare skal nyttast som ramme for kulturelle tilskipingar, og har gjort eit prinsippvedtak om at ein i fyrste omgang skal prøve å få til minst to kulturelle tilskipingar – den eine er julekonsert – i kvar av soknekyrkjene våre. Jfr. vedlagte dokument «Vedlegg 2022-10 Framlegg til mandat for kulturutvalet i Masfjorden sokn.

Av ulike grunnar er ikkje kyrkjeutvalet formelt etablert, men det har likevel vore arrangert fleire kulturelle tilskipingar i kyrkjene – jfr. s.7 – 8 i årsmeldinga for soknet.

Det har vore ei utfordring at vi ikkje har hatt eigne midlar til særskilte kulturføremål i budsjettet vårt. Slike midlar er heller ikkje innarbeidd på budsjettet for 2023. Ein grunn til dette er at tilbodet ikkje er tilstrekkeleg etablert til at ein kan seie noko konkret om utgifter og billettinntekter.

Av den grunn søker vi om eit beløp for inneverande år på 30.000 kr, som vil utgjere eit tilskott på 10.000 kr. pr kyrkje. Dette er midlar som vil verte nytta til dekking av eventuelle underskot på arrangement, slik at ein kan gå ut og gjere avtalar med artistar og kunstnarar med visse om at avtalane er økonomisk gjennomførbare.

Vi trur at ein slik bruk av kyrkjene som kulturarena vil vere eit fint supplement til andre lokale i kommunen vår, og danne ei fin ramme rundt tilskipingane som vert lagt der. Kyrkjene er ulike, og har kvar i seg kvalitetar som gjer dei godt eigna for ulike tilskipingar. Soknerådet ser for seg at det kan vere naturleg og ynskjeleg å samarbeide med andre om einskilde tilskipingar.

For Masfjorden sokneråd

Rune Garmann

- leiar -

Ein merknad til utfyllinga av skjemaet for inntekter og utgifter : Eg reknar med at dette skjemaet er mynta på frivillige lag og organisasjonar med andre krav til rekneskapsføring enn dei som er stilt til Den norske kyrkja i Masfjorden. Tala som står der, er berre lagt inn for å få søknaden registrert elektronisk. Ut over det syner eg til vedlagte årsrekneskap, som i skrivande stund er til revisjon hos autorisert revisor..